



Ove Kåre Risa
Risasjøvegen 305
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1263 - 17/27025

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
28.09.2017

Klagen teken delvis til følgje/Dispensasjon og løyve til etablering av kaipir langs båtopptrekk - gbnr 123/189 Risa

Administrativt vedtak. Saknr: 439/17

Tiltakshavar: Ove Kåre Risa
Ansvarleg søkjar: Ove Kåre Risa
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Søknad om dispensasjon og løyve til tiltak vart delvis godkjent i administrativt vedtak den 01.08.2017, saknr. 359/17:

- riving av eksisterande naust - GODKJENT
- oppføring av nytt naust 40 m² litt lenger fram - GODKJENT
- etablering av kai framfor naustet - AVSLEGE
- tilkomstveg og biloppstillingsplass - AVSLEGE

Det vert elles vist til klage motteken 21.08.2017 og til saksutgreiing, vurdering og administrativt vedtak saknr. 359/17, datert 02.08.2017.

Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfristen for klage er 6 veker. Fristen er 02.10.2017

Klagen

frå Frode Risa & Ove Kåre Risa, motteken 21.08.2017 gjeld ikkje avslag på veg, biloppstillingsplass og kai som forlenging av naustet. Dei klagar på at dei ikkje får godkjent den smale kaien på 1 m x 5m langs bergkanten på sida av opptrekket:

Klage gjelder at kai langs berg-kant for i land – og ombordstigning ikke er en del av den delvise godkjenningen. Klage gjelder ikke avslaget om parkeringsplass, vei og kai fremfor naustet, det er det mulig å finne alternative løsninger for.

Bakgrunn for klage:

- Uten en kai for i land – og ombordstigning fra vil det ikke være mulig å benytte naustet. Bakgrunnen er at den delvis godkjent vedtak legger opp til slipp i forkant av naustet og ikke kai.
- Berg-kant som kai er tenkt langs, er ved flo sjø helt under vann, den er ulendt, svært glatt og vil representere en sikkerhetsrisiko ved at personer kan falle på sjøen. Eier og ansvarlig søker er 70 år, noe som bare understreker behovet for en forsvarlig løsning for i land – og ombordstigning. Viser til bilde tatt av kommunen (vedlegg 2) og bilde vi har tatt (vedlegg 3) som illustrerer situasjonen.
- I uttale fra byggesaksavdelinga står det sitat «I vurderinga ligg det m.a inne at en tek omsyn til «steinnaustet» på gbrn 123/5 ved å sikre at naustet på gbrn. 123/189 ikkje kan kome lengre ut i vågen enn dei eksisterande nausta. Med bakgrunn i dette, er vår vurdering at det ikkje er tilrådeleg å gje løyve til kai framfor naustet», sitat slutt.
 - Kommentarer:
 - Kaien i front og plassering av naust vil ikke endres, derfor vil ikke naust komme lengre frem enn eksisterende naust (viser vedlegg 1, situasjonsplott).
 - Betongkai tilhørende steinnaustet på gbnr 123/5 og steinkai tilhørende naustet på gbnr 123/4 kommer vesentlig lengre ut enn den foreslåtte kaien langs berg-kant til i land – og ombordstigning på gbnr 123/189 vil gjøre. Foreslått løsning langs berg-kant vil derfor ikke påvirke steinnaustet på 123/5 eller resten av naustmiljøet negativt.
- Kai for i land – og ombordstigning er tiltenkt utført på en skånsom måte som ikke vil medføre sprengning eller andre vesentlige inngrep som vil påvirke området negativt. Vi ser for oss en kai for i land – og ombordstigning i tremateriale som er tilpasset naustbebyggelsen og miljøet i området.

Med bakgrunn i nevnte forhold, ber vi om at det åpnes for å etablere en kai langs berg-kant for i land – og ombordstigning.

Vi bidrar gjerne til å belyse saken mer om ønskelig, enten det er behov for møte eller befarng.

Om ønskelig kan vi kontaktes på telefon **41461053** eller **47621809**.

Vedlegg 1: Revidert situasjonsplan der vei, parkeringsplass og kai fremfor naustet er fjernet. Kai langs for i land – og ombordstigning og støpt opptrekk er illustrert.

Vedlegg 2: Bilde av berg-kant tatt av kommunen under befarng (tatt fra vest mot øst).

Vedlegg 3: Bilde tatt av berg-kant (tatt fra øst mot vest).

Plassering

Plassering av det opptrekk med kombord- og ilandstigningskai er vist i revidert situasjonsplan datert 21.08.2017.

VURDERING Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulemperne, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Tiltaket utgjer ein naturleg del av anlegget : naust med opptrekk og kaipir som ikkje går lenger ut enn opptrekket. Det vil ikkje føra til ytterlegare privatisering av strandsona.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at dei to nabonausta har liknande kaiutstikk og at om bord- og ilandstiging vanskeleg let seg gjera med ein båt større enn ein vanleg robåt, særleg på fjæra sjø.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona og arealføremålet i kommunedelplanen er oppfylt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av klagen.

Visuelle kvalitetar - materialbruk og utforming

Dei to nabonausta har ein liknande kaikonstruksjon som den omsøkte. Der er det i hovudsak brukt betong og stein som byggematerialar. Dette bør vidareførast med den nye kaien.

VEDTAK:

Dette vedtaket endrar vilkår i Lindås kommune sitt vedtak datert 21.08.2017, jf. forvaltningslova § 33. Hovudinnhaldet i vedtaket vert opprettalde, med følgjande endring/tillegg:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga vert søknad om dispensasjon frå pbl§ 11-6 (kommunedelplanen) og pbl §1-8 (forbod mot bygging i strandsona) for etablering av kai langs båtopptrekket godkjent.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av kai for i land- og ombordstiging, som vist på revidert situasjonsplan datert 21.08.2017. Materialbruken skal tilpassast kaiane ved nabonausta.

Elles gjeld vedtak av 21.08.2017 vidare.

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til fylkesmannen og Bergen og omland havnevesen for klagevurdering. Havnevesenet får også saka oversendt til handsaming etter særlov.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement då søknaden kom inn.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1263

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på «Delvis godkjent søknad om dispensasjon og løyve til etablering av naust, kai, veg og oppstillingsplass – gbnr 123/189 Risa»,

Scan__20170821_121306

image2017-08-13-143726

image1

Delvis godkjent dispensasjon og løyve til etablering av naust, kai, veg og oppstillingsplass - gbnr 123/189 Risa

Kopi til:

Bergen og Omland Havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
-----------------------------	---------------	------	--------

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Ove Kåre Risa	Risasjøvegen 305	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Ove Kåre Risa	Risasjøvegen 305	5955	LINDÅS
---------------	------------------	------	--------